



**Hjørdal kommune**  
Sektor for næring og teknikk  
3692 Sauland

Det kongelige landbruks- og matdepartement  
postboks 8007, Dep  
0030 OSLO

|                          |      |     |
|--------------------------|------|-----|
| Landbruks- og matdep.    |      |     |
| 2005                     | 1753 | 29  |
| 5. des 2005 ASR/<br>ASRL |      |     |
| IEK                      |      | 161 |

Dykkar ref.:

Vår ref.: 05/1067-2

Arkiv: K2-V84

Dato: 08.12.2005

## HØYRING - NY FORSKRIFT OM SKOGFOND MV.


Viser til høringsbrev frå departementet av 28.10.2005.

Hjørdal kommune ser det som positivt at reglane om skogfond blir samla i ei forskrift. Det er og positivt at ein opnar for at skogeigar kan auke skogfondsatsen etter at avsetjinga er registrert og berekna. Dette gjer ordninga meir fleksibel.

Når det gjeld dei enkelte reglane i forskrifta, vil ein tilrå at § 1-1 Formål, endrast slik at ein nyttar omgrepet "pliktig avsetning" i staden for "tvungen avsetning". Bruk av ord som "tvang" og "tvungen" passar ikkje i denne samanhengen og kan føre med seg negative haldningar til ordninga med skogfond. I høringsutkastet elles er det ordet "plikt" som er nytta, kfr. §§ 1-3, 2-1, 2-3 og 2-5.

Med helsing

For Hjørdal kommune

  
Harald Helliksen  
skogbrukssjef